

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2020

Trude Brosvik (Krf) sette på vegner av Krf, A og Sp fram slikt forslag:

«Ombordtillegg for bruk av kontanter vert vidareført. Fylkesutvalet innfører ikkje ombordtillegg for bruk av bankkort på bussane (og ombord på båtruta mellom Kleppestø og Strandkaien) i Sone A (Hordaland). Etter ein prøveperiode på eitt år vil ein evaluere ordninga.»

Sigbjørn Framnes (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Det vert ikkje innført ombordtillegg for bruk av bankkort.»

Morten Klementsens (UA) sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet støttar IKKE forslaget om at prinsippa som ligg til grunn for ombordtillegg på kontantbetaling om bord på bussane (og om bord på båtruta mellom Kleppestø og Strandkaien).»

Avrøysting

Klementsens sitt forslag fekk 1 røyst (FNB) og fall.

Innstillinga fekk 3 røyster (SV og MDG) og fall.

Framnes sitt forslag fekk 7 røyster (Frp, H, FNB og UA) og fall.

Brosvik sitt forslag vart vedteke mot 3 røyster (Frp og UA).

Vedtak

Ombordtillegg for bruk av kontanter vert vidareført. Fylkesutvalet innfører ikkje ombordtillegg for bruk av bankkort på bussane (og ombord på båtruta mellom Kleppestø og Strandkaien) i Sone A (Hordaland). Etter ein prøveperiode på eitt år vil ein evaluere ordninga.